



Astrid Sofie Kålås  
Reieråsvegen 59  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3112 - 19/38680

Saksbehandlar:  
Tommy Veland  
Tommy.Veland@lindas.kommune.no

Dato:  
18.12.2019

## Adresseendring frå Reieråsvegen til Fammestad

### Administrativt vedtak. Saknr: 281/19 Saksutgreiing

Adressetildeling for Lindås kommune vart gjennomført i 2009. Endringar og nyadressering vert gjort kontinuerleg ved enkeltvedtak.

På grunnlag av at Reikeråsvegen sin arm mot Kløve skule «Gamleveien», ikkje har fleire ledige adressenummer, vert einaste løysing på dette å gje denne vegen eige adressenamn. Dette gjeld 6 bygningar, og her må vera mulighet til fleire adressenummer. Skrivemåten for stadnamn er regulert i Lov om stadnamn.

#### Skilting

Etter felles forskrift til § 21 i matrikkellova ( adresseforskrift FOR-2011-11-03-1077 ) for regionen Nordhordland og Gulen, ligg det til Dykk å gjere eigedomen si adresse synleg ved tilfredsstillande adressenummerskilt.

Skilt og plassering skal tilfredsstillast lovkrava. I visse tilfelle kan det vere aktuelt at huseigar i tillegg til standard husnummerskilt på huset eller ved innkøyringa, også set opp supplerande tilvisingskilt. Plikta grunneigar har til å supplera med tilvisingsskilt trer fram der grunneigar eig heilt fram til vegkrysset og eigar kan setja skiltet på eigen grunn.

Det skal nyttast standard husnummerskilt som skal vera av typen med sjølvreflekterande botn med svarte tal. Dei aktuelle skilta kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte frå eit skiltprodusentfirma.

Av omsyn til redningsinstansane og ukjende som skal finne fram, skal korrekt husnummerskilting verte utført så snart som råd.

Lindås kommune leverer husnummerskilt til dei som no må endre adresse. Lindås kommune skiftar også ut eksisterande tilvisingskilt.

#### Posten



Den tildelte adressa vert også postadresse dersom ikkje postboks eller anna er avtala med Posten. Posten er informert om adresseendringa og treng ikkje eigen melding, men Posten ønskjer at andre kontaktar vert informert om den nye adressa på eigna blankettar som ein får på postkontoret. Spørsmål til Posten kan rettast på kundeservicetelefon 22 03 00 00 eller internett [www.posten.no](http://www.posten.no)

#### Informasjon

I vedlagte brosjyre Orientering om adresser i regionen Nordhordland og Gulen, finn du informasjon om bakgrunn for adressesetdelinga og korleis adresse har vorte tildelt. Informasjon finn du også hjå Kartverket. <https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/Kommunen-som-adressemyndighet/>

Kva gjer ein om ein ikkje er nøgd med adressa?

Kommunen har mynde til å endre ei adresse og ein adresseparsell ut frå overordna omsyn til forvaltning av adresseverket. Ei adresse skal vere i samsvar med gjeldande infrastruktur og er difor gjenstand for endring.

Etter § 46 – punkt f i matrikkellova kan eigar klaga på tildeling av adresse; dvs. det kan klagast på kva veg ein har fått adressenummer til. Dertil kan det klagast på fastsettinga av sjølve nummeret. Det kan ikkje klagast på kommunen sitt val av adressenamn eller skrivemåten av namnet.

Ev. klage skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast Lindås kommune. Kommunen kan yte hjelp og anna rettleiing for den som ønskjer det.

Vedtaket: Lindås kommune har i samsvar med gjevne retningsliner gjort følgjande adresseendring og adressesetdeling:

Martikkel nummer	Tidlegare tildelt vegnamn utgår	Tidlegare tildelt nummer utgår	Nytt tildelt vegnamn	Nytt tildelt vegnummer
24/62	Reikeråsvegen	55	Fammestad	5
24/82	Reikeråsvegen	57	Fammestad	7
24/66	Reikeråsvegen	59	Fammestad	11
24/85	Reikeråsvegen	61	Fammestad	15
24/75	Reikeråsvegen	63 A-B	Fammestad	20 A/B
24/64	Reikeråsvegen	65	Fammestad	14

Vedtaket er gjort i medhald av Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova – i kraft 01. jan. 2010) § 21 og tilhørande forskrift kap. 12 og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunane i regionen Nordhordland og Gulen.

Kommunen registrerer vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde.

#### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast. Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følge av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b*

Med helsing

Tommy Veland  
avdelingsleiar Geodata

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Astrid Sofie Kålås

Reieråsvegen 59 5913

EIKANGERVÅG